



SANDE KOMMUNE  
6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01  
sande.kommune@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Kjell Martin Vikene Arkivsaknr: 2016/760-566/2017  
Arkiv: 87/17

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/17	Næring-, teknisk- og miljøutval	15.02.2017

---

**Saka gjeld: GNR 87 BNR 17 VIKA KRO - SØKNAD OM ENDRING AV KOMMUNALE AVGIFTER**

**Tilråding:**

Ntm utvalet viser til § 6 i lokale forskrift for vass- og avlaupsgebyr for Sande kommune og søknad datert 11.01.2017 og på dette grunnlag får venterommet v/Vika Kro ved Brynhild Grønnevik endra kommunale avgifter til 50 % av satsar for bustadhus når det gjeld abonnement for vatn og kloakk, dvs kr. 3.764,96 u/mva pr. år (inkl. mva. 4.706,21 kr pr. år).

Særutskrift:  
Vika Kro ved Brynhild Grønnevik  
Kommunekassa ved Ingunn

**Vedlegg:**

1. Søknad om endring av grunnlag for kommunale avgifter datert 11.1.17
2. Gebyrregulativ for Sande kommune

**Saksopplysningar:**

Vika Kro ved Brynhild Grønnevik har søkt om endring av kommunale avgifter for vatn og kloakk på bakgrunn av at krodrifta er nedlagt, men at dei framleis ønskjer å halde ope venterom og toalett.

Vika Kro ved Brynhild Grønnevik har hatt avtale med Statens Vegvesen om drift av venterom og toalett for buss- og ferjepassasjerar på Larsnes ferjekai sidan 1989.

Drifta ved Vika Kro vart avslutta i februar 2016 og kroa vart lagt ut for sal. Venterommet var ope.

Eigarane sa opp avtalen om drift av venteromet med Statens Vegvesen frå og med 1.1.2017. Ifølgje Vestlandsnytt er venterommet no ope. Eigar Brynhild Grønnevik seier at dei har ein muntleg avtale med Statens Vegvesen om å halde venterommet ope og at ho ventar på ei avgjerd frå kommunen før dei inngår ein skriftleg avtale med Statens vegvesen.

Årsaken til at venterommet vart stengt var at inntektene på venterommet ikkje dekte utgiftene, mellom anna på grunn av kommunale avgifter på om lag 18.000,- i året. Årsgebyret for vatn utgjør mesteparten av denne summen.

Desse kommunale avgiftene er rekna ut etter satsar for næring. Vika Kro har betalt lågaste sats for næring.

Forskrifta seier at det skal betalast gebyr for alt avgiftspliktig areal på eigedomen. Abonnent er eigar/festar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer og som er tilknytt kommunal vass- og /eller avlaupsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning.

§ 6 årsgebyr gir unntak for at spesielt små verksemder med minimalt vassforbruk kan vurderast å betale etter stipulert/målt forbruk etter satsen for bustadhus. Kommunen bestemmer dette i kvart tilfelle.

Presisering i § 6: Bygningar for ideelle organisasjonar som for eksempel forsamlingshus, klubbhus mm betalar årsgebyr etter 50% av satsane for bustadhus i regulativet.

Kommunestyret eller utval kan fatte vedtak i saker angående gebyr, jf § 13. Klage på gebyr er omtalt i gebyrregulativet sin § 14. Ei avgjerd etter gebyrregulativet er eit enkeltvedtak og kan påklagast.

## Vurdering og konklusjon:

Venteromet og toalettet ved Vika Kro har vore brukt av buss- og ferjepassasjerar på Larsnes. Folk som skal med eller kjem med bussen har ofte litt ventetid før ferja kjem og då er det greitt å ha eit venterom med toalett.

Døme på ventetid:

Kvardagar: Når ferja kjem til Larsnes kl. 13.35 er det 75 minutt å vente på buss til Hareid, Ørsta-Volda og Fosnavåg.

Når ferja kjem til Larsnes kl. 17.35 er det 45 minutt å vente på buss til Hareid.

Når ferja kjem til Larsnes kl. 19.35 er det 78 minutt å vente på buss til Hareid, Ørsta-Volda og Fosnavåg.

Når ein kjem med buss til Larsnes, er det ventetid før ferja går for nesten alle bussrutene.

Einaste er bussen frå Hareid og Fosnavåg som er på Larsnes kl. 17.56 og korresponderer med ferja som går kl. 18.00. Det kjem ein buss frå Hareid og Fosnavåg som er på Larsnes kl. 19.51, neste ferje går 21.15. Denne bussen kjem 6 minutt for seint til ferjeavgangen kl. 19.45.

Laurdagar: Når ferja kjem til Larsnes kl. 13.35 er det 106 minutt å vente på buss til Hareid, Ørsta-Volda og Fosnavåg.

For passasjerar på bussen som kjem til Larsnes frå Hareid kl. 11.19, er det 26 minutt å vente for ferja går 11.45. På dei to andre bussane til Larsnes er det minst to timar å vente før ferja går.

Søndagar: Når ferja kjem til Larsnes kl. 18.50 er det 31 minutt å vente på buss til Hareid og Ørsta-Volda. (Mange skuleelevar/studentar brukar denne ruta).

For bussar til Larsnes denne dagen er det ventetid på alle rutene unntatt siste bussen som er på Larsnes kl. 21.14 som korresponderer med ferjeavgang kl. 21.15.

Ved ferjekaia er det ikkje andre mulegheiter til å søkje ly for vér og vind. Etter nyttår er det fleire som har kome innom rådhuset for å varme seg.

Utifrå ei samla vurdering og § 6 i den lokale den forskrifta for vass og avlaupsgebyr i Sande kommune vil eg tilrå at venterommet v/Vika kro får endra kommunale avgifter til 50 % av satsane for bustadhus (vatn og kloakk)

Ein gjer merksam på at dersom resten av arealet vert teke i bruk må det gjevast melding om dette.

Miljøkonsekvensar:

Nei

Økonomiske konsekvensar:

Mindre endring i Var inntekt

Beredskapsmessige konsekvensar:


Nei

Larsnes, 01.02.2017

Asle J. Giske  
rådmann

Kjell Martin Vikene  
teknisk sjef

2016/760


**SØKNADSKJEMA- Endring av grunnlag for kommunale avgifter**

 Gnr.: 87 Bnr.: 17 Seksjonsnr.: \_\_\_\_\_ Festenr.: \_\_\_\_\_  
 Eigar: Vika Kro v/Brynild Grønnevik
**TYPE EIGEDOM/ AREAL:**

Bustadhus \_\_\_\_\_ m2 Fritidshus \_\_\_\_\_ m2 Næring \_\_\_\_\_ m2

**Endringane gjeld:**

Vika Kro er stengt.  
 Ønsker å oppretthalde venterommet  
 dersam avgiftene blir vimelegare.

Vatn:	X
Kloakk:	X
Slam:	
Feiing:	
Renovasjon:	Kontakt SSR , tlf 70007050

Dato: 11.1.17Underskrift eigar: Brynild Grønnevik

Adresse: .....

Postnr: 6084 Poststad: Larshes

Merk: Melding om endringar i avgiftsgrunnlaget er ein pliktig å melde frå om. Meldinga må vere komen inn i siste månaden før neste termin.

(1.termin: januar-juni, 2.termin juli til desember)

Kopi: kommunekassa

## Gebyrregulativ Vatn 2017

	2017 kr eks mva	
Pris vatn	7,56	pr m3
Pris tilknytning vatn	13 000,00	Pr stk
<i>Vatn abonement</i>		
Bustad under 250m2	3 656,64	pr år
Bustad over 250m3	4 424,16	pr år
Fritidsbustad	1 825,32	pr år
Næring liten	11 054,16	pr år
Næring middels	18 424,64	pr år
Næring stor	36 845,12	pr år
<i>Vatn forbruk</i>		
Vatn forbruk Bustad	7,56	pr år, pr m3
Vatn forbruk Fritidsbustad	3,78	pr år, pr m3
Vatn forbruk Næring	7,56	pr år, pr m3
Vatn forbruk Driftsbygning	7,56	pr år, pr m3
Sommarvatn	603,20	pr år

Forbruk tilsvarer 165 kubikk pr. år

Auke med 4 % frå 2016 til 2017

## Gebyrregulativ Avløp 2017

	2017 kr eks mva	Merknad
Pris avløp	5,45	pr m3
Pris tilknytning avløp	13 000,00	Pr stk
<i>Avløp abonement</i>		
Bustad under 250m2	1 731,60	pr år
Bustad over 250m3	2 082,08	pr år
Fritidsbustad	866,32	pr år
Næring liten	1 731,60	pr år
Næring middels	8 677,76	pr år
Næring stor	17 354,48	pr år
<i>Avløp forbruk</i>		
Avløp forbruk Bustad	5,45	pr år, pr m3
Avløp forbruk Fritidsbustad	2,73	pr år, pr m3
Avløp forbruk Næring	5,45	pr år, pr m3

Forbruk tilsvarer 165 kubikk pr. år

Auke med 4 % frå 2016 til 2017